



FØRDE IL FOTBALL INVITERER TIL
SSF Førde Cup
11. – 13. november 2011



*sparebanken
sogn og fjordane*





SSF Førde CUP

Førde IL Fotball har gleda av å invitere lag frå Sunnmøre, Hordaland og Sogn og Fjordane til innandørs fotballturnering i Førdehuset andre helga i november. Det er 15. gongen vi arrangerer denne turneringa for gutar og jenter i alderen 13-19 år. Årets turnering går av stabelen 11.-13. november.

I år har Førde Cup fått ny samarbeidspartnar – Sparebanken Sogn og Fjordane (SSF). For oss er det viktig å lykkast med den økonomiske sida av arrangementet. Det å ha Sparebanken Sogn og Fjordane som samarbeidspartnar er særskilt viktig for å nå dette målet.

Byen Førde er eit vekstsenter i Sogn og Fjordane, og folketallet har passert 12.000. Førde er først og fremst eit handels- og servicesenter for fylket, men her er også ein del industri. Den største arbeidsplassen er Førde Sentralsjukehus, med over 1000 tilsette. I tillegg til tre vidaregåande skular er her også teknisk fagskule, sjukepleiarutdanning og ingeniørutdanning.

Vi opplever ei aukande interesse for å delta på SSF Førde Cup, og har no 140 deltakande lag. Dette er absolutt maksimalt tal lag vi kan handtere og samtidig gje eit godt sportsleg tilbod.

SSF Førde Cup – meir enn fotball

Sentralt i SSF Førde-cup er kamparenaen vår – Førdehuset. I tillegg til banene det blir spela på, er Førdehuset eit kulturhus med fasilitetar som kino, symjehall, teater og bibliotek. Førdehuset ligg sentralt plassert i Førde med gangavstand til fleire skular, som blir nytta til overnatting. I nærleiken av Førdehuset er det også to hotell, campingplass, diverse andre overnattingstilbod, butikkar og serveringsstader. Den sentrale plasseringa og mogelegheitene for aktivitetar utanom fotballen legg eit godt grunnlag for både sportsleg og sosial suksess. Vi håpar difor at også ditt lag vil delta i turneringa.

For meir informasjon viser vi til Førde IL Fotball si heimeside – www.forde-fotball.no – der finn du informasjon om turneringa vår. Kampoppsettet vil bli lagt ut på denne sida så snart det er klart og seinast ei veke før turneringa tek til. SSF Førde Cup-styret ønskjer nye og tidlegare deltakande lag hjarteleg velkomne til Førde andre helga i november.

Deltakarkort inkluderer:

	A	B
Overnatting	x	
Matservering	x	
T-skjorter	x	x
Aktivitatar	x	x
Diplom	x	x

Påmelding

Maksimum tal deltakarlag er sett til 140. Tidspunkt for betalt påmeldingsavgift avgjer ved eventuell overbooking. Føresetnaden for registrert påmelding er at både lagsavgifta og deltakarkorta er betalte. Betalingsmåte er kun nettbank og vårt kontonummer er 3700.07.16600.

Klikk på link for påmelding: <http://forde-fotball.no/portal/public/showContentCategory.do?id=10669>

Frist for innbetaling og påmelding er 10. oktober 2011.

NB: Ikkje send påmeldinga til Førde IL Fotball si e-postadresse.

Klasseinndeling SSF Førde Cup

Smågutar SMG fødde etter 1.1.1997

Småjenter SMJ fødde etter 1.1.1997

Gutar G fødde etter 1.1.1995

Jenter J fødde etter 1.1.1995

Junior Herrar JH fødde etter 1.1.1992

Junior Damer JD fødde etter 1.1.1992

Spelesystem

Kvar klasse vert inndelt i puljar på 3-5 lag. Det vert spelt A- og B-sluttspel. I juniorklassane er det berre A-sluttspel. Innleiande kampar vert spelt som enkeltserie og sluttspellet som cup. NFF sitt reglement «Reglar for fotball på små baner» vert nytta.

Speletid

Både i innleiande kampar og i sluttspellet er speletida 14 minuttar.

Tal spelarar

Det er inga avgrensing i tal spelarar pr. lag/kamp. Men det skal berre vere 4 utespelarar + keeper på bana. Ein spelar kan berre brukast på eitt lag i same klasse.

Prisar

A-kort kr 600,- (inkluderer overnatting, matservering, T-skjorter, aktivitatar, diplom).

B-kort kr 300,- (inkluderer T-skjorter, aktivitatar, diplom).

Lagsavgift kr 600,- pr. lag.

Premiering

- Diplom til alle deltakarar.

- SSF Førde Cup sin pokal til dei tre beste laga i kvar klasse.

- Medalje til alle spelarar og leiarar på dei tre beste laga i kvar klasse.

- B-spel, pokal og medalje til finalelaga.

Informasjon

Odd Hagen, tlf 996 10 496, odd.hagen@forde.kommune.no

Kontaktpersonar

Generelle spørsmål: Odd Hagen, tlf 996 10 496, odd.hagen@forde.kommune.no

Overnatting: Kåre Holseter, tlf 907 62 968, kholse@online.no

Spørsmål om påmelding av lag: Henrik Arne Losnegaard, henrik.arne.losnegaard@sfj.no

Vår adresse

Førde IL Fotball / SSF Førde Cup, Postboks 560, 6803 Førde



Produksjon: Inform Media. Alle foto: Stig Roger Eide / Firda

Hovudsponsor



sparebanken
sogn og fjordane



- på lag med Førdefotballen



NEUMANN
NEUMANN BYGG AS • EN VIRKSOMHET I DT GROUP